

Debuterer med nytt band.

23.11.2012



Sindre Aksnes debuterer med spennande band.

Den talentfulle slagverkaren Sindre Aksnes(17 år) har imponert mange med speltinga si i mange samanhengar, og med mange ulike musikkgrupper. I haust har han øvd med ei heilt ny gruppe, og i morgen, lørdag, vert dei å høre for første gang. Då spelar dei under opning av kunstutstilling på Galleri Guddal i Rosendal kl. 13.00. Dei to andre i gruppa er jamaldringane Åshild Røssland frå Kaldestad(piano og vokal) og Joakim Olsen frå Seimsfoss(elbass).

Kunstutstillinga som vert opna viser maleri og grafikk av kunstnarane Gunilla Holm Platou og Gro Mukta Holter. Utstillinga vil vara fram til julaftan.

Sindre har utvikla seg gjennom å spele med ulike grupper innan svært forskjellige musikksjangrar. Aller viktigaste er nok likevel talentet og all eigenøvinga som ligg i botnen. Han er svært ettertrakta, og sjølv garva musikarar beundrar musiseringa til den talentfulle ungguten.

No har altså han og to andre flinke kvinnhersungdommar starta band. Både Åshild og Joakim har også vist talentet sitt innan musikk i forskjellige samanhengar tidlegare. Det vert spennande å høre dei. Det kan vi altså gjera lørdag kl.13.00.

Tekst: Thor Inge Døssland